

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
089/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjarne Ve Sæbø	FE-601	20/4639

Innkjøpsstrategi

Vedlegg

Innkjøpsstrategi - Austrheim kommune-2020-2024

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

Kommunestyret - 089/20 - 24.09.2020

KS - behandling:

Skatteoppkrevjar Bjarne Ve Sæbø orienterte om saka.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om det er kompetanse om innkjøp på huset. Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes svara at ein skal skaffa den kompetansen. Med kompetanse på innkjøp på plass så vil ein vera eit fyrtårn lokalt. I dag er det mindre avtalar som ikkje etterlever krava for offentlege anskaffingar.

Aslak Bakke (H) sa at ein må sjå om lokale kan brukast der det er mogleg.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein ved lokale kjøp kan sleppa å binda mykje kapital i lagra varer.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med innkjøpsprosjektet har organisasjonen sett at det manglar eit styrande dokument for alle innkjøp.

Vurdering

Austrheim kommune gjer mange innkjøp i året, og har behov for å inngå mange avtalar dei neste åra. Innkjøpa dekkjer heile organisasjonen, og alle einingar må vera kjent med kva me som organisasjon har fokus på i større innkjøp. Dette vil sikte både gode prosessar internt på større og mindre innkjøp.

Strategien legg vekt på å skape tydelege føringar samstundes, kva reglar som gjeld, vår visjon og vårt hovudmål. Delmåla skal hjelpe oss i å oppnå hovudmålet, og dei er som følger:

- Innkjøpa skal dekkja behova våre, i dag og i framtida
- Austrheim kommune skal ha profesjonell oppfylging av avtalane
- Innkjøpa skal gjennomførast raskare, enklare og meir digitalt.
- Innkjøpa skal bidra til lokal marknadsutvikling.

Strategien ser og på korleis me skal gjennomføra dette.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.